

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

NR. 1 – MARS 2007

I dette nummeret kan du lesa om følgjande:

s. 2 – Nytt frå Venelaget!

s. 3 – Intervju med medlem: Ronny Spaans

s. 6 – Verda frå Ulvik: Ny bok om Olav H. Hauge

s. 8 – Presentasjon av Jacob Sande-selskapet

s. 11 – Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

s. 12 – Styret og adresser



Olav H. Hauge

NYTT FRÅ VENELAGET!

Velkomen som lesar av det fyrste nummeret av medlemsheftet til Venelaget Olav H. Hauge! Sidan etableringa av laget i 1999, har me hatt fleire styre og til saman tre leiarar. Dei førre styra har arbeidd målretta for å skapa eit inkluderande lag – med plass for alle med interesse for Hauge si diktning, og det noverande styret vil difor gjera det me kan for å vidareføra og styrkja samarbeidet mellom medlemene og styret. Informasjon og kommunikasjon vil vera sentrale stikkord i tida som kjem!

Me vil senda ut til saman fire hefte i løpet av 2007 og tek gjerne imot tips om kva me skal ta opp. I neste nummer ynskjer me å presentera filmskaparen Vigdis Nielsen sitt filmprosjekt om Hauge; me vil ta ein prat med leiaren for Olav Sletto-selskapet, og elles ha eit intervju med Stefan Andreas Sture om prosjektet Hardcore Poesi. I tillegg vil me presentera «ukjent» Hauge-materiale frå Spesialsamlingane ved Universitetet i Bergen, samt gjera greie for dei spanande planane om eit Hauge dokumentasjonssenter i Ulvik. Olav H. Hauge stiftinga, som står bak planane, førebur seg på at heradsstyret i Ulvik skal ta endeleg stilling til saka i juni.

I tillegg til dette heftet me no etablerer, har me fiksa opp internettsidene våre. Desse finn du på adressa: www.venelagethauge.no, og me oppdaterer dei så ofte me kan. Me har òg laga ei gjestebok der alle kan skriva det dei ynskjer – anten det er helsingar, informasjon eller tips av ymse slag. Du finn ei lenkje til gjesteboka og andre interessante lenkjer på nettsidene våre.

Neste nummer av medlemsheftet vert sendt ut i midten av juni.

INTERVJU MED MEDLEM: RONNY SPAANS

Ronny Spaans er fødd i 1976 og voks opp i Brønnøysund. Han har studert ved Universitetet i Oslo og det Katolske Universitetet i Leuven, Belgia. Spaans har hovudfag i Nederlandsk ved UiO, og skreiv hovudoppgåve om den belgiske poeten Luuk Gruwez (f. 1953). Han er no stipendiat i same fag ved same stad og forskar på poesien til den hollandske diktaren og krydderkjøpmannen Joannes Six van Chandelier (1620–1695). Spaans har vore med i fleire bok-prosjekt, har dikt på trykk i antologiar og tidsskrift, og er skribent i *Dag og Tid*.

1. *Du er nytt medlem i Venelaget Olav H. Hauge.
Kva fekk deg til å melda deg inn?*

Bodil Cappelen, biletkunstnar og enkje etter Hauge, tipsa meg om Venelaget. Me møttest på eit *Dag og Tid*-jolebord for eit par år sidan og har sidan hatt mest dagleg kontakt. Me diskuterer kunst og poesi på e-post, arrangerer symposium med god mat og diktopplesing i lag med mellom andre den tyske Hauge-gjendiktaren Klaus Anders og filosofen Asbjørn Aarnes. No planlegg me ei bok til 100-årsdagen til Olav H. Hauge. Ho skal koma ut på Det Norske Samlaget med bidrag av ulike slag: Personlege minne frå vener av skalden, litterære tekstar og essay frå forfattarar og litteraturvitarar. Det var altså ho som råde meg til å bli medlem av Venelaget.

2. *Kva rolle har diktinga til Hauge spela i livet ditt og i din eigen
forfattarskap?*

O. H. Hauge har vore viktig for meg, både som poet og litteraturgranskar – men eg nyttar nemninga «poet» med eit atterhald. Eg har hittil hatt dikt på trykk berre i tidsskrift og antologiar, og vonar å kunna debutera med ei diktsamling når eg er fullnøgd med kvaliteten på versa mine. Eg vil heller seia det er som lidenskapleg lyrikklesar at Hauge har fengsla meg og vore vegvisar for oppdagingsferdene mine i norsk og utanlandsk diktekunst.

Eg vart kjend med Hauge gjennom interessa mi for mange av føregangarane hans, ei gruppe diktarar han vier stor merksemd i dagbøkene sine: Dei nynorske skaldane i mellomkrigstida, frå Olav Nygard med sine vedunderlege metafysiske dikt, som til dømes «Til son min», eit dikt han ikkje skreiv, men dikterte på dødslega, dei eksperimentelle og ekspresjonistiske diktarane Kristofer Uppdal og Henrik Rytter med sine storarta apostrofar til havet og stormen, og ikkje minst ordmagikaren, eller, for å nytta ei meir samtidig og råkande nemning, rapparen Olav Aukrust. Mange av kvæda hans, til dømes «Vaar», går sjølv den mest utkropne manhattan-hip-hoparen ein høg gang i rimsnoeggleik og assosiative tankesprang.

Hauge interesserer meg av to grunnar: For det fyrste gjer han framifrå lesingar av forfattarskapane deira i dagbøkene, og for det andre er diktinga hans eit framhald av skaldekunsten deira – eit framhald som vel å merka òg inneber ei forvitneleg kursending. Interessa mi for utanlandsk lyrikk, særleg engelskspråkleg dikting, finn òg gjenklang hos den anglofile Hauge, både i gjendiktingane hans og i dagbøkene, som i kraft av det omfattande namneregisteret i siste bandet fungerer framifrå som eit litteraturhistorisk oppslagverk!

3. *Du har studert nederlandsk språk og litteratur. Korleis vurderer du diktinga til Hauge opp mot nederlandske og belgiske litterære tradisjonar?*

Det er vanskeleg å svara på det med så liten plass. Men visse påfallande likskapar kan nok skisserast i grove trekk. Parallellen mellom ei nynorsk og sørnederlandsk målreising – det vil seia kampen for det nederlandske (flamske) språket i Belgia – er verd merksemd, for brytningstida deira gjekk føre seg om lag samstundes. Diktarpresten Guido Gezelle har same posisjonen i sørnederlandsk kultur som Ivar Aasen i nynorsk miljø. Medan lyrikken i Nederland opplevde ein stagnasjon, kom fornyinga i sør, i det meir rurale Flandern, i form av ei forlenging av det vitalistiske og ekspressive diktarspråket til Gezelle, med diktarnamn som Karel van de Woestijne, Paul van Ostaijen og Antoon van Wilderode. Den sistnemnde kan mogelegvis jamførast med Olav H. Hauge, men Hauge er truleg meir spenningsfylt enn Wilderode.

4. *Kva rolle kan venelag og diktarselskap spela for å bevare arven etter Hauge best?*

Skiping av venelag er positive tiltak som kan vera med på å tryggja framtida til store diktarar. Men eg har òg hatt ambivalente kjensler i møte med slike diktarselskap. I Noreg har me ein tendens til å redusera natur og kunst til lokalpatriotisme og fylgjeleg tømte viktige forfattarskapar for universell slagkraft:

Kva er Jacob Sande utan Fjaler, Per Sivle utan Voss – men spør du kva Olav Nygard er utan Modalen, blir det straks verre. Han har då heller ikkje noko venelag knytt til seg i dag, dessverre. Men på den andre sida er det i slike grasrottrøsrer ein finn sansen for poesien – «den fremste kunstart» i Hauges ord. Vonleg kan lysta bli så stor at ho formar ei motkulturell kraft og utfordrar det som den polske poeten og nobelprisvinnaren Czeslaw Milosz kalla for «skismaet mellom poesien og den menneskelege familie», og som Olav H. Hauge føresåg i dagboka, alt føre påske 1957: «Dette, at lyrikken kanskje ikkje spelar den rolle i folks tankar som fyrr, er vel ein av grunnane til laugsdanningi millom moderne diktarar, dei er støytt på standens vegne, og søker saman og danar sirklar, der berre dei innvigde fær vera med; dei gjer ein løyndomsfull kultus av diktingi. Uppgjerd med fortidi ser me òg, umvurderer og anerekkjer. Dei ekte og dei uekte diktarane vert skilde, og diverre vert mange av dei folkekjære utstøytt, ein Byron, og ein Hugo fær ikkje vera med. Diktarane svarar på folks likesæle med arroganse».

VERDA FRÅ ULVIK: NY BOK OM OLAV H. HAUGE

Steinar I. Bergo og Arne Skjerven skriv bok om korleis ein diktar frå Ulvik maktar å skapa verdslitteratur. Dei ynskjer å syna oss at ord kan skapa bylgjer, sjølv om dei er skrivne i ei lita bygd inst i ein fjord.

Forfattarane fortel om eit spanande prosjekt og eit godt samarbeid. Me møter dei på Brakanes Skule, der Skjerven er lærar og Bergo har vore lærar i mange år. Bergo er no lektor ved Gartnarskulen i Ulvik, og har tidlegare skrivne forfattarhefte om Hauge og ei mengd andre tekstar om oppvekst, inspirasjon og tradisjonar. Skjerven har vore leiar og primus motor i Venelaget i fleire år, og har arbeidd mange år som journalist i avisa Hordaland.

Det Norske Samlaget tende på ein ide forfattarane hadde om å framstilla Hauge med føtene godt planta i Ulvik. Samstundes som blikket hans var vid-synt og rakk langt ut over verda, nådde han inn i det kvardagslege hjå alle folk. I samband med Hauge, gjer vi ikkje noko stor urett i å snakka om ei bygdesjel, er dei to forfattarane samde om. Mange av dei temaa han tok opp, var universelle, men samstundes var han oppteken av at den kvardagen ein finn rundt ein diktar, verkar inn på det han ynskjer å formidla – både i det han skriv og i det lesarane les inn i dikta, meiner dei. Hauge var ikkje provinsiell, seier Bergo om Hauge: Gjennom kvardagslege fenomen og erfaringar, kan han fanga verda i ein glimt, i nokre korte liner som hogde i stein. Hauge avla tankane sine i bygda, og dette er det lov å ta på alvor, legg Skjerven til. Ein lyt akseptera at det finst minst to lese måtar av Hauge sine dikt, seier Bergo. Vanlege folk kan lesa dikta hans til kvardags, men dei som forskar litteraturfagleg, kan setja dikta inn i ein større litterær samanheng og sjå slektskapen med verdslitteraturen.

Hauge sjølv sette stor pris på at dikta hans hadde denne to-dimensjonale verdien, held Bergo fram. – Hauge ville ikkje favorisera korkje den eine eller den andre lese måten, men meinte at dei kunne utfylla kvarandre. At begge aspekta har overlevd i Hauge-resepsjonen, syner at det er stor dikting Hauge har gjort, påpeikar Bergo. «Poetisk realisme» er eit omgrep som dukkar opp i litteraturfaglege diskusjonar. Omgrepet inneber at dikta avspeglar nettopp det å sjå verdien i kvardagslege ting.

Det romantiske frå tradisjonen føre vart tona ned. – I omtalar av slik dikting er det viktig å ikkje driva bevisførsel for korleis diktaren arbeider fram resultata, men heller dynamisk syna fram korleis arbeidet vert materialisert. Difor vil boka ha ei noko fragmentert form, gjennom sine meir enn 25 kapittel og eit par hundre sider, seier Skjerven. – Trass i alt som har vorte skrive om Hauge, har det vore mangel på kommentarlitteratur som legg seg etter Hauge sin poesiform, meiner dei to. – Dette ser vi mellom anna i mangelen på anekdotar knytte til Hauge, og det å gjera eit meir litteraturfagleg poeng ut av dei.

Bergo og Skjerven har arbeidd konkret med boka i noko over eit år. Dei har og vitja spesialsamlingane ved Universitetet i Bergen. – Forfattarane har vore særleg interessert i krigsåra, og kva Hauge arbeidde med i perioden 1940-1945. Debutboka hans, *Glør i oska*, kom i 1946, og det var naturleg å tru at han arbeidde sær mykje i åra før utgjevinga. Dette har dei funne prov på i arkiva etter Hauge, og særleg i dei fire «fruktkassane» som vart overleverte spesialsamlingane av Bodil Cappelen i 2005. – Biograf Knut Olav Åmås nemner dette materialet i *Mitt liv var draum*, men seier samstundes at han ikkje har granska det. Me presenterer sentrale deler av dette, og syner blant anna korleis Hauge arbeidde med dei fyrste omsetjingane sine og korleis han tileigna seg nye språk, seier Skjerven. Og me legg vekt på korleis Hauge var ein svært musikalsk diktar, legg dei til, men vil ikkje røpa for mykje av dette no.

Det Norske Samlaget vert utgjevar av boka, som er planlagd lansert i januar 2008.

PRESENTASJON AV JACOB SANDE-SELSKAPET

Margrete Reisæter, dotter til Olav H. Hauge sin gode ven gjennom mange år, Oddvin, er leiar i Jacob Sande-selskapet. Selskapet har base i Dale i Sunnfjord, og Margrete fortel om eit selskap med høg aktivitet.

«Ser vi på Sande-selskapet, veit vi at ingen andre hadde gjort arbeidet selskapet har stått for i 15 år. Dette er ei god øving i synleggjering, og fortel meir enn ord kor viktige desse selskapa er.» Ove Eide

1. Korleis vart Jakob Sande-selskapet stifta, og korleis har det utvikla seg sidan byrjinga?

Jacob Sande-selskapet vart stifta på dagen 85 år etter dikteren vart fødd, 1. desember i 1991. Dette skjedde i ungdomshuset «Trudvang» i Dale, og salen var fullsett. Dottera Siri var der og fortalde om far sin, og spesielt det gjorde sterkt inntrykk. Neste året vart musikkteateret «Jubelhornet» sett opp, det vart arrangert skriveakademi og den første årboka kom ut. Stor aktivitet for ein nyfødd!

Idéen til selskapet hadde dåverande kultur- og næringssjef i Fjaler kommune, Magne Bjergene, og han fekk med seg Herbjørn Sørebo som også er frå Dale, og teatersjefen på Det Norske Teateret, Vidar Sandem. Interesse for Jakoben var på den tid aukande etter oppsetjinga «Jakob Sande og Jon Eikemo – trur eg» i Oslo. Seinare bar det ut på turné i heile landet. Det vart stor etterspurnad etter stoff om dikteren frå Fjaler, og Magne greip høvet og kontakta dei litteraturselskapa som fanst i Noreg, men også i Sverige, der det var fleire. Dette «detektivarbeidet» syntse seg å bera frukter i åra som kom, både akademisk, blant «folket» og innan kulturminne og reiseliv. Det vart ein to-delt gevinst: Lokalt for Fjaler og litterært – Sande som nasjonal diktar.

Forfatterskapen til Sande hadde lenge vore godt kjent i vise- og ungdomslagsmiljøet, men arbeidet som selskapet la ned dei neste 15 åra og fram til 100 års-jubiléet, gjer til at han står støtt i dag – i alle lag av folket. Ei stor takk til Jakob Sande-selskapet sine gründerar!

2. *Det er stor aktivitet i selskapet. Kva planar ynskjer de å realisera dei neste åra?*

Vi er nett ferdige med 100 års-feiringa. Merksemda rundt diktaren vart langt større enn det vi hadde drøymt om. No er utfordringa å staka rett kurs vidare. I 1997 vart Sande-stiftinga skipa og kunna kjøpa fødestaden til diktaren – Klokkargarden i Dale. I 2000 vart «Bestefarsstua» opna der. Ho huser museumssamlinga, kafé og bokutsal. I år vil vi oppløysa stiftinga og overføra eigedom og ansvar til selskapet for å få ei lettare og meir effektiv organisering. Vi har mykje arbeid att som registrering av gjenstandar, bøker, musikk og foto. Planen er å oppretta ei adm/prosjekt-stilling, vi vil byggja om våningshuset og løa på garden vil vi gjera om. Vidare skal det skipast nye litteraturseminar, konsertar og kultur/forfattarkveldar, og vi vil forbetra og utvikla omvisingsopplegga våre, både for liten og stor. Jakob Sande si dikting gjev oss mange idéar!

3. *Korleis samarbeider de med forlag, litteraturforskarar og journalistar?*

Erfaringar frå forlag er svært liten. Den totalt manglande interesse frå Gyldendal gjennom alle år har vore skuffande. Sandes forlag har ikkje gjort noko for forfattarskapen så lenge selskapet har eksistert.

I høve til forskarar har det vorte bygt eit nettverk sidan første seminaret – og dette var ein del av strategien, for det var lita interesse for Sande i akademiske miljø tidleg på 90-talet. Men med seminara kom ei rad av våre fremste fagfolk og snakka om Sande – og formidla mykje nytt stoff og nye lesemtatar.

4. *Kva rolle kan og bør slike selskap og venelag spela i vår litterære samtid?*

Desse selskapa har ei viktig oppgåve fordi dei kan vera motvekt og alternativ til etablerte miljø, der det lett vert faste haldningar til – og synspunkt på forfattarskap.

Laga representerer svært ofte kunnskap som ikkje er andre stader. Alle forfattarar som skal oppnå rom i media, treng talsmenn og -kvinner. Difor trengst selskapa meir enn før – til å setja dagsorden, organisera kunnskapsinnhenting og ikkje minst: Formidla kunnskap.

5. *Meiner du det er behov for ein nasjonal organisasjon for venelag og selskap? Korleis bør i så fall ein slik organisasjon arbeida?*

Det bør kan hende ikkje verta så formelt. Men kva med eit fellesmøte for året – som kan gå på omgang mellom deltakarane i nettverket? Her kan ein utveksla idear, syna fram aktivitetar og kanskje finna fellessaker som ein kan fronta i lag i forhold til forlag, forfattarforeining og styresmakter.

VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE

Vedtektene vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21. august 1999 på Elvatun i Ulvik.

1. Namnet på laget er «Venelaget Olav H. Hauge».
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad.
5. Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem.
Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val ved kvart årsmøte, medan dei andre i styret og på varalista går skiftesvis ut, slik at styremedlem, skrivar og ein av varafolka på skipingsmøtet vert valde for eit år.
7. Årsmøtet vert halde i samband med «Poesidagane i Ulvik», annakvart år. Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolk. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn. Vala er for to år.
8. Omframt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til museet, som ber namnet til Olav H. Hauge.

STYRET OG ADRESSER

På årsmøtet, laurdag 16. september 2006, vart dette styret valt:

- Styreleiar: Øystein Hide, Bergen
- Nesteleiar: Ågot Gammersvik, Lillehammer
- Styremedlem: Brit Valland, Voss
- Styremedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik
(Venelaget sin representant i Ulvik Poesifestival)
- Styremedlem: Elin Rondestveit, Ulvik
(Venelaget sin representant i Olav H. Hauge stiftinga)

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: styret@venelagethauge.no
Adresse: Venelaget Olav H. Hauge,
v/Øystein Hide,
Løvstakklien 16, 5055 Bergen
Telefon og SMS: 98831401